

# Grunnlova i norsk språkdrakt etter 200 år, s. 18



# SPRÅKNYTT

UTGITT AV SPRÅKRÅDET

42. ÅRGANG 4/2014

- Møt prosjektleieren for *Norsk Ordbok 2014*, s. 6
- Norsk romani vert bokspråk, s. 23
- Morsmålet som tenketeknologi, s. 26
- Godt helsespråk, s. 28

Språkrådet



## Kjære lesar!

Når vi snakkar om daglegdagse emne, som busstider eller påleggsprisar, har vi vanlegvis dei orda vi treng. Men ofte snakkar vi om meir spesialiserte fagområde. Det kan til dømes vere ei forklaring av heimeleksa i kjemi, ein rådgjevingssamtale i banken eller eit politisk ordskifte om fornybare energikjelder. Slike samtalar krev gjerne at vi har lært oss fagtermar som *reaksjon*, *annuitet* eller *forsyningstryggleik*. Her i Noreg ventar vi at vi kan ha slike samtalar på norsk. Men kva skjer med dei norske fagtermene viss fagmiljøa ved universiteta og høgskolane våre sluttar å bruke norsk?

Det finst faktisk allereie mange studietilbod der ikkje berre pensumet, men òg undervisninga er på engelsk. I fleire naturvitskaplege fag er det mest ingen forskingsrapportar som blir publiserte på norsk lenger. Utdanningsinstitusjonane bruker en-

gelsk for å vere med på linje med resten av verda i forskinga og i konkurransen om studentar. Men dette fritek ikkje institusjonane for det lovpålagde ansvaret dei har for å halde ved like og utvikle norsk fagspråk. Den dagen vi må ty til engelsk for å snakke om klimapolitikk i Noreg, har vi mist både eit viktig språkleg domene og ein bit av demokratiet vårt.

Det krev omtanke og medvit å få til ein god parallellspråkleg praksis etter slagordet «norsk når du kan, engelsk når du må». Men den jobben må faktisk universiteta og høgskolane våre gjere. Røynsler frå andre nordiske land bør brukast i dette arbeidet. Vi kan ikkje vere dårlegare enn naboane våre!

## INNHALD 4/2014

### ■ AKTUELT

- 6 Intervjuet
- 10 Klare kommunar
- 13 Aktuelle skriveregler
- 14 Språkprisen 2014
- 17 Språkbrukaren

### ■ INNSIKT

- 18 Grunnlova i nye versjonar
- 23 Romani, språket til taterane
- 26 Tenketeknologi
- 28 Godt språk er god folkehelse
- 30 Titulus
- 32 Når vi kodevekslar
- 34 Vinterleg språkdrakt

Har du eit språkspørsmål, kan du sende ein e-post til [sporsmal@sprakradet.no](mailto:sporsmal@sprakradet.no).



**Spørsmål:** Hva er opprinnelsen til ordet *elveblest*?

**Svar:** *Elveblest* er ifølge medisinske ordbøker en flyktig, oftest allergisk betinget hudreaksjon med røde vabler og kløe. *Elveblest* kalles også *neslefeber*. Det latinske navnet er *urticaria (urtica)* betyr 'brennesle'.

Det er ingen elvevind som er bakgrunnen for det norske navnet på sykdommen. Skal vi tro de allmennspråklige ordbøkene, er det alvene som har vært på ferde. *Elveblest* betyr egentlig 'alveblåst'. I tidligere tider mente folk at sykdommen kom av at overnaturlige vesen hadde blåst på en. Troen på at overnaturlige vesen kunne påføre folk sykdom, finner vi også spor av i ordet *hekseskudd*.

Også dyr kunne bli rammet av alvene. Når dyr ble syke, hendte det at folk mente det kom av skudd fra overnaturlige vesen. Det alvene skjøt mot dyr med, var naturligvis en *alvpil*.

**Spørsmål:** Eg finn ikkje ordet *dusjing* i Nynorskordboka, korkje i papirutgåva eller på nettet. Er ikkje dette eit ord?

**Svar:** Ikkje alle ord eller ordformer står i ordbøkene. Det er ingen tvil om at *dusjing* er eit ord – du bruker det jo sjølv. Grunnen til at *dusjing* ikkje er teke med, er først og fremst mangel på plass. Av dei aller fleste

norske verb kan det dannast eit substantiv på *-ing*, og substantivet uttrykkjer då 'det å utføre handlinga som verbet nemner', i dette tilfellet 'det å dusje'. Fordi dette er ein så vanleg orddanningsmåte, har ordbokredaktørane valt å ikkje ta med alle desse verbalsubstantiva. Nokre *-ing*-ord står likevel i ordbøkene dersom dei har ei spesiell tyding eller ein særskild bruk eller fører til rettskrivingsproblem av noko slag. *Dusjing* er ikkje spesielt vanskeleg slik. Plassomsyn var viktigare før, då ordbøkene berre eksisterte på papir. På nettet har ein jo uavgrensa plass, så der kunne slike ord gjerne ha stått.

**Spørsmål:** Hva gjør jeg med punktum etter forkortelser når det forkortede ordet kommer til slutt i setningen? Skal jeg sette to punktumer?

**Svar:** Du skal i slike tilfeller bruke bare ett punktum, for eksempel *Timeprisen er kr 1200 inkl. mva.*

**Spørsmål:** Korleis skriv vi «skule-noreg» rett?

**Svar:** Nydanna ord av denne typen skal skrivast med bindestrek og med stor førebokstav i begge ledda. Det riktige er altså for eksempel *Skule-Noreg*, *Sommar-Noreg* og *Utdannings-Noreg*.

**Spørsmål:** Heiter det *julekalender* eller *adventskalender*? Eg finn berre *adventskalender* i ordboka, men eit søk på nettet gjev mange fleire treff på *julekalender*.

**Svar:** Det er nok ein korrekt observasjon at *julekalender* no blir brukt meir enn *adventskalender*, sjølv om desse kalendrane framleis gjeld for advent og ikkje for jula. I kyrkjeåret kallar ein dei fire siste vekene før jul advent. Då adventskalendrane kom i bruk på 1940-talet, heitte dei nettopp det.

Advent er opphavleg ein kristen tradisjon, ei førebuing før Jesu fødsel. Tidlegare var det berre kyrkjene som markerte advent. På den tida då advent vart innført, i ca. år 400, var det vanleg at dei kristne gjekk inn i ein fasteperiode. Tradisjonen med faste er det framleis ein del kristne som praktiserer.

Det kan vere fleire grunnar til at *julekalender* no blir brukt meir enn *adventskalender*. I vår tid tek juleførebuinga til tidlegare og tidlegare, slik at den eigenlege ventetida kan drukne i ståket. Kanskje begynner advent å bli framand for mange, medan handelsstanden veit at alt med *jul-* i sel godt. Reint språkleg er både *adventskalender* og *julekalender* kurante ord.

**Spørsmål:** Skal en bruke punktum for å markere setningslutt når en avslutter en setning med tre prikker som utelatelsestegn?

**Svar:** Det skal ikke være mellomrom eller et ekstra punktum når en setning avsluttes med tre punktumer/utelatelsestegn: *Den som ler sist ... Hun smilte for seg selv.*

Det skal ikke være mellomrom mellom de tre punktumene (prikkenene). Når de angir at et ord er avbrutt, er det ikke noe mellomrom foran dem, men det skal være mellomrom etter siste punktum før et nytt ord: *Den der idi... Han fullførte ikke setningen.*



Foto: Jens Sahlberg / Samfoto / NTB Scapix



Når eit ord er ført opp i denne spalta, tyder det berre at vi har registrert at det er i bruk. Det tyder ikkje at Språkrådet går god for ordet. Dersom vi rår til eller rår frå å bruke eit ord, vil vi nemne det uttrykkjeleg.

**nettgrav** – Å ha ei nettgrav gjer det mogleg å få lagt ned blomar og lys når ein sjølv ønskjer det, og gjev eit felles rom i sorga der pårørande kan dele og ta vare på minner, seier dagleg leiar Are Kamark. [...] Du kan få lagt ned blomar og helsingar på grava på dødsdagen eller få kveikt eit gravlys same dato. Samstundes tek Nettgrav bilete av grava som så blir lagt inn på ei digital minneside på internett. Dermed blir den fysiske gravstaden digitalisert, og pårørande kan administrere gravstaden.

Vårt Land 12.6.2014

**dommerspray** Svenskene omfavner VM-sprayan, mens Norges Fotballforbund (NFF) ikke har bestemt seg for om dommerspray skal innføres her hjemme. [...] Tidligere er dommerspray blitt brukt i Sør-Amerika og USA. Nå får det mye oppmerksomhet under verdensmesterskapet i Brasil. Markeringene dommerne gjør, forsvinner fra gressteppet i løpet av ett minutt. Dommerne merker der ballen skal ligge og der muren skal stå.

NTB 18.6.2014

**snikforsker** Aldersgrensen fører til at forskere må ta i bruk kreative metoder for å fortsette å forske. Ole Didrik Lærum frykter flere blir «snikforskere». – Du har ikke lov til å ha medarbeidere og ikke lov til å ha en egen forskergruppe. Alle offentlige fond er stengt, og så går du ned til to tredjedeler av lønna. Hvis du vil fortsette å forske, må det gjøres i nattens mulm og mørke. Da kan du fort føle deg som en snikforsker.

Forskerforum 12.6.2014

**dumtelefon** I grunnen synest eg at Internett og app-ar og slikt kan vera både genialt og sosialt, men: Eg vil ikkje ha det med meg same kvar eg går, nettet skal ikkje vera som ein umisteleg del av kroppen min. [...] Difor lever eg godt i lag med dumtelefonen min. Han har absolutt ingen freistingar å by på. Han stel aldri tid og krefter frå meg, og han går ikkje ut over nattevævnene min.

magasinett.no 19.5.2014



Foto: Pixtal / NTB Scenpix

**skjermfaste** Slå av smarttelefonen og hold deg unna Facebook i én måned! Uaktuelt? Da er du moden for en digital avrusning. [...] Slik sett bør skjermfaste, tid borte fra den digitale folkemengden, etableres som religiøs praksis minst like viktig som den tradisjonelle matfasten.

Vårt Land 19.7.2014



# Ordmillionæren

■ ERLEND LØNNUM

Det er bare å gratulere! Materialet til *Norsk Ordbok 2014* teller nå over 100 millioner ord og 3 millioner sedler av det ordrike slaget. Og snart skal Åse Wetås sette kronen på verket med det tolvte og siste bindet i denne kulturskatten av en ordsamling.

*Norsk Ordbok 2014* er en ordgyter uten like, ikke bare digitalt, men også på papiret, der det blir trykket nesten 10 000 sider med grundig redigerte oppslagsord, som gir informasjon om betydning, dialektformer, grammatikk

og historie. For ordbokprosjektet tar mål av seg å gi en uttømmende fremstilling av ordtilfanget i de norske dialektene og det nynorske skriftspråket.

– Vi dokumenterer språkbruken over hele landet og kan ikke være pu-

ristiske. Samtidig må vi være strenge i redigeringen for å få plass i de tolv bindene, sier prosjektleder Åse Wetås, som har fått tittelen «sjefen for alle ordene».

### Millimeterpresisjon

– Jeg er stolt av hva vi har fått til, for det ligger et imponerende arbeid bak hver eneste ordbokartikkel, sier Wetås.

Hun tar neppe for hardt i. *Norsk Ordbok 2014* har siden starten i 2002

levert til punkt og prikke og hatt god styring på fremdriften og regnestykkene. En egen funksjon i programvaren regner ut hvor mange linjer redaktørene har til rådighet for

hvert av de mer enn 300 000 ordene som skal gjennom nåløyet. Maksimumsgrensen er hellig, så det knipes inn der det er mulig.

– Vi har god hjelp i de mange kompetente redaktørene, det digitaliserte materialet og det spesialtilpassede redigeringsverktøyet. Det gjør at vi fra dag til dag vet hvor mye vi må produsere, så ikke manuskriptene eser ut.

bare lever sitt liv i ordbøkene og vandrer fra det ene verket til det andre. En sjeldenhet som likevel har fått bli med, er det originale ordet «ravkraft», som ble foreslått som avløserord for *elektrisitet*, men som bare var i bruk i kort tid i nynorskens tidlige fase. Og en ordrik forfatter som Kjartan Fløgstad lager en rekke ord som han er alene om, og som derfor ikke får plass i de allmenne ordbøkene.

### ÅSE WETÅS

Åse Wetås er leksikograf og språkviter og prosjektleder for *Norsk Ordbok 2014* ved Universitetet i Oslo.

### Unik ordjakt

– Mange av ordene i verket har ikke tidligere hatt noen skriftspråklig form, så vi gjør en fortløpende normering etter gjeldende rettskrivningsregler for

nynorsk. Nynorsk og folkemål er som siamesiske tvillinger, siden folkemålet fører det norske skriftspråket med ord. Og alle ord skal kunne ha et skriftlig motsvar i nynorsk, forklarer Wetås, som sånn sett er leder for et unikt bokverk basert på både skrift og tale.

Innsamlingen av ord startet allerede i 1930, i regi av Det Norske Samlaget, og tok utgangspunkt i Ivar Aasens

## «Norsk Ordbok 2014 dokumenterer språkbruken over hele landet.»

For det er i prinsippet mulig å skrive side opp og side ned om hvert eneste ord. Men med streng selvdisciplin har vi klart å holde oss innenfor rammene, forteller ordbokdirektøren.

Prosjektet har konsentrert seg om ordene i folkemålet, og ikke tatt med for sjeldne og sære ord, som engangsforekomster, døgnfluer og ord som

arbeid og andre ordbøker. Det meldte seg den gang mer enn 550 frivillige til å samle inn ord til seddelarkivet. Og siden har *Norsk Ordbok 2014* supplert arkivet, ikke minst med ord fra de delene av landet som var tynnast belagt. Resultatet er full landsdekning.

– Ordsamlerne har alltid fått streng beskjed om ikke å falle for fristelsen til

## ● «Nynorsk og folkemål er som siamesiske tvillinger.»

å ta med tull og tøys sagt om naboen, for det er fort gjort å henge seg opp i det som er særegent og morsomt ved ens egen dialekt. Vi må ikke glemme bruken av funksjonsord, som preposisjonen *på* og subjunksjonen *som*, eller de mest frekvente verbene, som *vera*, *koma* og *taka*. Det er i disse plasskrevende artiklene vi får vist frem det tunge vitenskapelige arbeidet i detalj, selve leksikografien som kunstform, sier Wetås.

I ordsankingen har redaktørene dessuten funnet overraskende mange verb som handler om å jobbe sent og smått, gjerne med dårlig resultat.

– Det sier noe om den norske mentaliteten og arbeidsmoralen. Vi legger typisk merke til dem som putler og pusler, og snakker heller om den trege naboen enn den raske kollegaen. Det er et godt eksempel på hva vi oppdager når vi studerer ord fra hele landet.

### Ordrik kulturhistorie

Det omfattende ordbokverket forteller også mye om vår kulturhistorie, om både natur og mat, kunst og litteratur, språk og begrepsverden. Det gjelder særlig de ordene som hittil bare har eksistert i tale, og som nå er skrevet ned og gjort tilgjengelig for publikum.

## ● «Ordbøkene sier mye om vår kulturhistorie.»

– Ordene sier noe om hva man har gjort og spist, hva slags leker ungene har lekt, hvordan det så ut på tunet, og så videre. Så hvis man lurer på noe om stort og smått i den norske hverdagshistorien, er det godt mulig at svaret

finnes i ordbøkene våre. Og det finnes så mye uutforsket der ute, så vi samarbeider med forskere på mange felt.

Wetås og en av redaktørene arbeider blant annet med Norsk lokalhistorisk institutt om en «lokalmatwiki» og med en maurforsker om mauren i norsk språk.

– Jeg kjenner biologer som river seg i håret over folkelige definisjoner, som at et krepsdyr kan kalles maur. Men hvis noe ligner på en maur, bruker man gjerne benevnelsen maur i folkespråket, uten å ta hensyn til vitenskapelige kategorier, forklarer Wetås.

### Folkegave på nett

Selve ordboken publiseres fortløpende også som nettdordbok, bortsett fra for alfabetstrekket A–H, som ble gitt ut i bokform før *Norsk Ordbok 2014* tok fatt. I tillegg er nynorskorpuset, med over 100 millioner ord fra nynorsk skriftspråk de siste 160 årene, et såkalt ordbokhotell og en del andre databaser samlet på et eget nettsted.

– Det er perfekt å bruke nettet til å presentere ordbøker, for da kan vi gjøre ordmaterialet gratis tilgjengelig for alle, også de ordene som ikke fikk plass i den trykte utgaven. Og det er særlig viktig for oss, siden *Norsk*

*Ordbok* er en offentlig fullfinansiert folkegave til årets grunnlovsjubileum, påpeker Wetås.

I nettutgaven finner man også underoppslag, dialektkart, lenker til andre artikler og flerordsuttrykk, som ellers



er en krevende leksikografisk kategori. Man kan for eksempel søke opp vinnerordet fra NRK-serien «Dialektriket», *smøyestol*, som mange oppfatter som særegent for sin dialekt, men som ifølge *Norsk Ordbok* er belagt over store deler av landet.

### Faglig tyngde

Wetås redigerer også selv en liten bolk med artikler til hvert bind, ikke av forfengelighet, bedyrer hun, men fordi hun har et overordnet faglig ansvar og trenger å holde seg oppdatert.

– Jeg må skjønne hva staben driver med, og hvilke utfordringer de står

seg strengt til kildene. Det lærer man mye av, sier leksikografen.

Ordbokredaktørene har ulik faglig bakgrunn, men ingen får være spesialist på deler av ordartiklene. Talemåls-eksperten skriver for eksempel ikke bare om talemålsdelen, og hun med doktorgrad i tegnspråksemantikk arbeider ikke bare med å tegne semantiske modeller. Den brede kompetansen ivaretas uansett gjennom kvalitetssikring, kollegalesing og grundig korrektur.

– Siden alle jobber som generalister, er vi mindre sårbare for utskiftninger og unngår samtidig for mye dobbeltarbeid.



«Det er perfekt å bruke nettet til å presentere ordbøker.»

overfor. Jeg må vite hva som fungerer og ikke. Fordelen med å ha så tett kontakt med medarbeiderne mine er at jeg da merker hvor mye de brenner for jobben, og hvor godt arbeidsmiljøet faktisk er, skryter Wetås.

Hun forteller at man ikke skal jobbe lenge med ordbøker før man oppdager at man ikke bør stole på intuisjonen sin. For det vi oppfatter som vanlig og riktig, stemmer ikke alltid med faktiske forhold.

– Jeg husker godt da jeg skulle redigere ordet *låve*. Som sikkert mange andre trodde jeg at det bare er en driftsbygning på en bondegård. Men den gang ei. Ordet har forandret seg over tid, og det viste seg at det har fire forskjellige betydninger og en mengde underbetydninger, med utgangspunkt i et gulv til å treske på. I tillegg kan en *låve* være et tilbygg til et fjøs, et eget uthus og enda mer. Man må altså nøytralisere sin egen oppfatning og forholde

### Flere ord i vente?

Prosjektet nærmer seg slutten, men språket lever videre, så Wetås skulle ønske at universitetet kunne ta vare på den leksikografiske kompetansen og sørge for at alle bindene blir publisert elektronisk og også fortløpende revidert.

– Det er dessverre uvisst hvem som tar ansvar for *Norsk Ordbok* og språksamlingene i fremtiden. Vi kan ikke søke om midler til videre drift så lenge universitetet ikke ønsker det. Det er svært uheldig og fordyrende at fagkompetansen nå forsvinner, sukker Wetås.

For redaktørene har fortsatt en jobb å gjøre med de eldste bindene, som beskriver «automobiler» og «australnegere» fremfor *biler* og *aboriginer*. Dessuten må de kanskje vurdere å gjøre plass til flere nye kategorier, slik de nettopp har gjort med ordet *konge*, i hvert fall hvis man skal høre på dem som mener at ordbøkene er «helt konge»!

# Klare kommunar

■ TORUNN REKSTEN

– Bak breva vi sender ut, skjuler det seg faktisk sympatiske og hyggelege menneske, sa ein kommunetilsett om ei oppdaging han nyleg gjorde i klarspråksarbeidet.

«Ein enklare kvardag for folk flest» er eit av måla til regjeringa. Kommunal- og moderniseringsdepartementet jaktar mellom anna på tidstjuvar for å nå målet. Departementet reknar uklart språk i tekstar til publikum som ein openberr tidstjuv. Sidan kommunane er det viktigaste kontaktpunktet for innbyggjarane, har kommunar og fylkeskommunar fått nesten ein million kroner til ei etterlengta klarspråkssatsing i år.

## Eit pilotprosjekt

Ti utvalde kommunar og fylkeskommunar deltek i pilotprosjektet «Klarspråk i kommunesektoren». Prosjektet vert leia av kommunane sin organisasjon, KS, og får hjelp av ein ekstern språkkonsulent og prosjektkoordinator.

– Måla med prosjektet er å utvikle metodar for klarspråksarbeid i kommunesektoren og betre standardtekstar som kan delast og brukast av alle. Det er jo den store fordelen med klarspråksarbeid i kommunane. I motsetnad til statlege verksemdar tilbyr kommunar og fylkeskommunar stort sett dei same tenestene over heile landet, så resultatane vil kunne komme heile kommunesektoren til gode, seier prosjektleiar Anna Holm Vågsland i KS.

– Likevel ser vi sjølvsagt at vi kan dra nytte av klarspråksarbeidet som er gjort i staten. Vi kan bruke mange av ressursane som alt er utvikla, og delingskulturen frå det statlege prosjektet «Klart språk i staten» skal vidareførast. Dessutan deler Språkrådet og Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) kunnskapen sin om klarspråk ved å delta sentralt i prosjektet, legg Vågsland til.

## Dei som er med

Mange kommunar har jobba mykje og godt med språket sitt i fleire år, og



LokFung/iStockphoto

nettopp desse kommunane var spesielt velkomne til å delta i pilotprosjektet. Kommunane som deltek, skulle samarbeide minst to og to, vise at arbeidet ville få ein viss effekt, forplikte seg til å evaluere og sikre at resultatane kan delast med andre.

Prosjektet fekk fire grupper:

- kommunane Stavanger, Bodø og Tønsberg
- kommunane Sarpsborg og Fredrikstad
- Kongsberg kommune og fylkeskommunane Akershus og Vest-Agder
- fylkeskommunane Nord-Trøndelag og Rogaland

Gruppene har ulik tilnærming til klarspraksarbeidet. Ei gruppe arbeider til dømes med praktiske saksframlegg, ei anna med brev og annonsar.

Hos klarspraksveteranen Rogaland fylkeskommune har klarspraksarbeidet så langt handla mykje om språkkultur og å få medarbeidarane med på laget. Dei meiner at språk skal vere gøy, så dei har brukt positive verkemiddel, halde klarspraks kurs og utforma og implementert språklege retningslinjer. Kvar gong ein medarbeidar kjem til erkjenninga «Har vi faktisk sendt dette brevet til nokon?», er det jubel i klarspraksgruppa.

### Brukartesting som metode

Brukartesting er eit anna område pilotprosjektet samlar erfaring om. Skal ein tekst fungere etter formålet, må han jo verte forstått av målgruppa. Det er vanskeleg å vurdere sjølv kor godt vi kommuniserer, så brukartesting er grunnleggande i klarspraksarbeid.

Både Sarpsborg og Fredrikstad har mellom anna brukartesta eit brev. Sarps-

borg jobbar med å betre brev på oppvekstområdet, og dei stilte rett og slett opp på eit foreldremøte i ein barnehage og delte ut brevet og seks spørsmål. Fredrikstad har testa eit brev på skulefeltet. Dei har gått grundig gjennom brevet og funne mange betringpunkt.

Bodø har testa ein annonse frå byplanavdelinga, og Tønsberg har testa eit brev på kollegaer som jobbar med andre fagfelt og dermed har andre føresetnader for å forstå teksten.

– Det var NRK Vestfold som valde brevet for oss, smiler prosjektdeltakarane frå Tønsberg ironisk.

### Litt motstand er det jo

Det kan vere tidkrevjande å overtyde fagpersonar om at det går an å skrive på ein annan måte enn dei alltid har gjort. Somme er redde for at det skal bli for enkelt og dermed ikkje halde juridisk, andre synest ikkje språkarbeid er noko å bruke tid på. Likevel får dei fleste gjennomslag for ideane sine så lenge alle med eigarskap til teksten får vere med i endringsprosessen, og det kjem fram kva ein faktisk kan tene på å skrive betre.

– Dei fleste forstår at når du sender ut eit brev som er uforståeleg, plagar du først mottakaren, så sørvistorget, som må sluse mottakaren vidare til den overarbeidde fagavdelinga, som prøver å finne deg. Og du sit gjerne i eit møte, seier prosjektleiar Vågsland.

– Når pilotprosjektet er over i mars 2015, håpar vi at vi har samla så gode erfaringar og resultat at vi kan få sett i gang eit hovudprosjekt. For det er vanskeleg å ikkje sjå nytten av å skrive klart og godt.

.....

Torunn Reksten er seniorrådgjevar i Språkrådet.

## Nytt nummer av «Terminologen»

Språkrådets fagråd for terminologi og fagspråk har sidan hausten 2011 arrangert eit årleg seminar om terminologi og fagspråk i Noreg. Seminarforedraga har sidan vorte publiserte som artiklar i ein skriftserie som har fått namnet «Terminologen».

I haust kom nummer tre av tidskriftet ut, med tittelen «Norsk terminologi og fagspråk i tre næringslivsbransjer – ideal og virkelighet». Artiklane tek for seg situasjonen for norsk fagspråk i akvakultur-, finans- og petroleumsbransjane, i tillegg til

ei spørjeundersøking om terminologi-arbeid i privat sektor.

Første nummeret av «Terminologen» tok for seg juridisk terminologi i Noreg. Andre nummeret inneheld artiklar frå ein internasjonal konferanse i terminologi i Oslo hausten 2012, med temaet ansvarsroller i terminologi-arbeid og med innlegg frå mange delar av Europa.

Du kan tinge publikasjonen på Språkrådets nettsider og lese dei tidlegare utgåvene i elektronisk format der.

---

## Termbase til støtte for nordisk mobilitet

Skal du studere, arbeide eller busetje deg i eit anna nordisk land? Då er sjansane store for at du møter på vanskelege faguttrykk på eit anna nordisk språk.

Språknemndene i Danmark, Noreg og Sverige og på Island ønskjer å hjelpe nordiske borgarar til å gjere seg forstått i andre nordiske land. I samarbeid med nordiske terminologiorganisasjonar har difor språknemndene sett i gang eit felles prosjekt som skal munne ut i ein fritt tilgjengeleg termbase på Internett. Her skal brukarane kunne slå opp eit faguttrykk på eit anna nordisk språk og få ein definisjon på sitt eige språk. Termbasen skal innehalde fagterminologi på dansk, islandsk, finsk, norsk og svensk.

I første omgang skal prosjektet arbeide med fagterminologi i utdannin-

ga og i neste omgang med fagterminologi på arbeidsmarknadsområdet. Prosjektet har fått midlar frå mellom anna Nordplus til å arbeide med desse to samfunnsområda. Etter kvart planlegg prosjektet å utvide innhaldet i termbasen med fagterminologi frå helse- og rettsvesenet.

Prosjektet får bistand frå ulike nordiske organisasjonar som gjev råd til nordiske borgarar på flyttefot, til å velje ut relevante og brukarnære faguttrykk til termbasen. Bakgrunnen er mellom anna den nordiske språkdeklarasjonen frå 1987, som seier at nordiske statsborgarar har rett til å nytte sitt eige språk i eit anna nordisk land på nokre viktige samfunnsområde.



# Aktuelle skrivereregler

Hva har ebola, ubåter og Nato til felles? Jo, de har alle vært aktuelle i høstens nyhetsbilde. Og de illustrerer alle behovet for rettskrivningsregler. For heter det ebola eller Ebola, ubåt eller u-båt, Nato eller NATO?

For å ta det viktigste først, sett med ortografiske øyne: Svaret er *ebola* med liten forbokstav, *ubåt* uten bindestrek og *Nato* med stor forbokstav, alternativt *NATO* med store bokstaver.

## Ebola

Et av høstens mest brukte fremmedord er *ebola*. Navnet på viruset kommer fra elven Ebola, som er en sideelv til Kongoelven i Den demokratiske republikken Kongo, der det ble påvist for første gang i 1976. Ebolaviruset har for lengst blitt et allmennord som har mistet tilknytningen til opphavet. Derfor skriver vi det med liten forbokstav. Andre eksempler på slike innarbeidede sammensetninger med liten forbokstav er *gudbrandsdalsost*, *grønlandshund*, *olabukse*, *selbuvott* og *wienerbrød*.

*Ebola* uttales som oftest med trykk på første stavelse (*ebola*), i tråd med hovedregelen for uttale av norske ord.

## Ubåt

I oktober skrev mange aviser om ubåtjakten i Sverige. *Ubåt* er en forkortelse for undervannsbåt og skrives uten bindestrek. Ordet skal heller ikke ha stor forbokstav i løpende tekst. Generelt setter vi bindestrek mellom énbok-

stavsforkortelser og andre ledd, som *e-post* og *u-land*. Skrivemåten *ubåt* er altså et unntak.

## Nato

*Nato* er et initialord dannet av forbokstavene i North Atlantic Treaty Organization, som har fått mye oppmerksomhet i norske medier etter at Jens Stoltenberg nylig overtok som organisasjonens generalsekretær.

Initialord kalles også forbokstavord, og de dannes av de første bokstavene eller stavelsene i flere ord. Initialordet *Nato* er også et akronym; det blir uttalt som et vanlig ord, altså ikke bokstav for bokstav.

Vi anbefaler stor forbokstav og resten små i denne forkortelsen, altså *Nato*. Men formen *NATO* kan også brukes. Initialord som uttales bokstav for bokstav, skrives bare med store bokstaver, for eksempel *FN*.

Følg gjerne med på «Aktuelt ord» på [språkrådet.no](http://språkrådet.no) for flere språklige aktualiteter.

Vagants ansvarlige redaktør Audun Lindholm tok imot prisen på Språkdagen 2014.

Foto: Vidar Ruud / NTB Scanpix



## – Befrikk for klisjeer

Tidsskriftet Vagant er vinneren av Språkprisen 2014. – Der mange medier har avviklet språkvask og korrektur, har redaksjonen svært høye standarder for tekstbearbeidelse, understreker juryen.

Vagant får ros av juryen for å ha vært et kraftsentrum i norsk litteratur i 26 år. Tidsskriftet formidler litteratur samt tanker, teorier og ideer om litteratur, film, kunst, vitenskap og politikk.

### Fordypning

«Vinnerens kjennemerke kan sies å være den langsomme formidlingen og fordypningen, en kvalitet som står i sterk kontrast til hurtigheten og de kjappe meningsutvekslingene i kom-

mentarfeltene og i sosiale medier av i dag», heter det i juryens begrunnelse.

### Fritt for slurv

Juryen legger vekt på det høye språklige nivået tidsskriftet holder. «Hver artikkel står frem som tematisk og språklig gjennomarbeidet. Det skinner igjennom at medarbeiderne setter sin ære i å publisere noe som er mest mulig fritt for slurv», skriver juryen.

### Ikke ekskluderende

Innholdet i Vagant formidles på en eksklusiv, men ikke ekskluderende måte, mener juryen: «Et fellestrekk ved artiklene er at de er befrikk for akademiske og journalistiske klisjeer, og har en gjennomskuede innstilling til maktspråk. Selv når temaet er teoretisk komplekst og angår én eller flere akademiske disipliner, er tekstene aldri mer preget av spesialistspråk enn de må være.»

## Språkprisen

- Språkprisen er Språkrådets pris for fremragende bruk av norsk språk i sakprosa.
- Prisen er på 100 000 kroner og gis annethvert år for bokmål og nynorsk.
- Juryen har bestått av Karianne Skovholt (leder), Tiril Rem, Morten A. Strøksnes og Kjartan Vevle.
- Språkprisen 2014 ble delt ut av Språkrådets styreleder Ottar Grepstad på Språkdagen 18. november.
- Les mer om Språkprisen på [www.spraakradet.no](http://www.spraakradet.no).

I denne spalta tek vi opp stort og smått om forholdet mellom norske ord og importord, først og fremst engelske.

# Heimebryggja ord

Dei såkalla mikrobryggeria har vorte svært populære dei siste åra. Vi kan no meske oss med øl som smakar heilt annleis enn det vi er vande med. Ein kan sløkkje tørsten med *India pale ale*, *porter*, *stout*, *märzen*, *saison*, *lambic* og mange andre med opphav i land med rike øltradisjonar. Namna på ølslaga ber også preg av det.

## Tilpassing eller omsetjing?

Nokre ølslag har vi hatt lenge, som til dømes *pils*, *lager* og *bokkøl*. Fleire av orda har runne inn i norsk med ein skrivemåte som er nokolunde tilpassa uttalen. Døme på det er *pils*, som kjem av det tsjekkiske *plzen* (og dei tyske variantane *Pilsner* og *Pils*), og *bokkøl*, som kjem av det tyske *Bockbier*. I andre tilfelle har ein rett og slett omsett ordet, som *kveiteøl* for *Weizenbier* (ofte kalla *Weißbier*, 'kvitøl').

## Stautt øl, stautøl

Om ein tørstar etter norske ord for desse øltypane, kan ein gjere som ein har gjort før: tilpasse etter uttale eller omsetje. *Stout* er eit mørkt øl som ofte smakar kaffi og sjokolade. Smaken kan vere kraftig, så her kan ein beint fram ta snarvegen og kalle det for *stautøl*. Faktisk kjem ordet *staut* frå det engelske *stout*, så her er etymologien på vår side.

For den nærskyldte øltypen *porter*, som også er for staute øldrikkarar, treng ein ikkje gjere rare tilpassinga. Ordet fungerer godt på norsk, sjølv


om den opphavlege meininga går tapt. Det var i si tid favorittdrinken til berarar og andre kroppsarbeidarar i Storbritannia, derav namnet *porter*.

## Indiaøl

Den sterke bittersmaken i *India pale ale* (oftast forkorta *IPA*) er det mange øldrikkarar som verdset. Her har vestlandsbryggeriet Kinn og fleire andre ølkjennarar nytta *indiaøl* som norsk ord, og det er ein god idé. I kolonitida vart denne øltypen utvikla for eksport til India, og nokre meiner at det måtte ekstra humle til for å tole den lange overfarten. *Indiaøl* er eit kort ord og difor eit godt alternativ til forkortinga *IPA*.

Før nytta ein ulike humletypar i eitt og same *indiaøl*. I det siste har det dukka opp *indiaøl* som berre har éin humletype. Det vert kalla *single hop*. Eit godt norsk alternativ kan vere *einhumla øl*. Ord av eigen sats smakar ofte best.

.....  
Ole Våge er seniorrådgjevar i terminologitenesta i Språkrådet.



**NESTEN ALLE** bispedømmer i Den norske kirke har utenlandske pres-  
ter. [...]

– Vi har generelt god erfaring, kan-  
skje særlig med de tyske prestene.

– Hvorfor?

– Fordi tysk er så langt fra norsk at  
de må lære språket vårt. Danskene  
skjønner oss lettere, og tror derfor at  
vi skjønner dem like godt. Men så en-  
kelt er det ikke.

*Stiftsdirektør Jan-Kjell Jonassen i  
Sør-Hålogaland bispedømme,  
intervju i Vårt Land*



Foto: Kaja Kircher / NTB Scampix

.....

**PÅ ETTERSOMMER'N** har jeg hatt en  
nettdugnad på gang om uttrykket «i  
overigår». Sjøl har jeg trudd at det  
var et eksempel på slang-språk av  
relativt ny dato, men det var feil. [...]

En oppsummering av nettdugnaden  
blir da at «i overigår» i alle fall er et  
vanlig, muntlig uttrykk fra nord til sør

i østlige delær av Norge, men at det  
kanskje har vært litt mer utsatt for  
moralsk «språkfeil»-pekefinger sør-  
på.

*Spaltist Magne Aasbrenn  
i Fredriksstad Blad*

.....

**– KVIFOR ER DET VIKTIG** for deg å laga  
eit nytt språk når du skal skriva ein  
roman?

– Eg trøytnar av å sjå mine eigne  
tekstar på bokmål. Eg vil sjå kor man-  
ge variantar eg kan finna opp som li-  
kevel kan skjønast som norsk. Tidle-  
gare har eg skrive høgnorsk – det er  
like framand for dei fleste nordmenn  
som det konstruerte tysk-norske språ-  
ket i Germania. Du kan samanlikna det  
med ein «sound» i musikken. Om du  
ein gong kan opna ei bok og – uavhen-  
gig av det som er skildra – kan sjå at  
dette er det Cornelius Jakhelln som  
har skrive, den dagen er eg ein luk-  
keleg mann, for då har eg nådd ei av  
mine estetiske målsettingar. Men  
denne gongen handla det òg om å  
gjera boka skikkeleg germansk, det vil  
seie å gå ut av komfortsona og inn i  
noko udefinert, å forlata Språkrådet.  
Det gjer meg oppstemd å tenkja på at  
me for femten hundre år sidan hadde  
eit så likt tungemål i vår del av Europa  
at me kunne gjera oss forstått heile  
vegen frå Skandinavia og til dagens  
Sør-Tyskland.

*Forfattar Cornelius Jakhelln, intervju i  
Dag og Tid om romanen «Germania»*



ELI RAANES,

førsteamanuensis ved Høgskolen i Sør-Trøndelag,  
enhet for tegnspråk og tolking



## Nye tegn i tiden

Når NRK sender gudstjenesten 2. juledag fra en av døvekirkene, blir norsk tegnspråk tolket til norsk talespråk. «Amen» sier presten, med et tegn som går tilbake til 1800-tallet, da døve samlet seg til andaktsstunder i private hjem og ved døveskolene. Det liturgiske tegnet for *amen* har for mange blitt kjent gjennom fjernsynsruten: Begge hendene knyttes, og den ene hånden slås ned på den andre. Når presten sier tegnet for *amen* og senker hodet, er det et tradisjonsrikt liturgisk tegn. Men når det samme tegnet utføres i en annen sammenheng, kan det også bety at noe er *sant* eller *sikkert*. På den måten er norsk tegnspråk slående uttrykksfylt og vakkert.

Språket endrer seg i takt med samfunnet og måten vi lever på. La oss ta nok et eksempel fra en tidligere julegudstjeneste på TV. «Vi har vasket og forberedt til juledagene», sa døvepresten i andakten sin. Han brukte da et ukonvensjonelt tegn for det å vaske golv. Det tradisjonelle tegnet viser den bevegelsen vi gjør når vi trekker

en langkost jevnt mot oss. I dag gjør vi derimot rent med nye og enklere vaskemetoder, med engangskluter og mikrofibermopper. Når vi fører vaskemoppen med en svingende bevegelse over parketten, var det nettopp den bevegelsen presten brukte for å gjengi golvvask i prekenen sin. Språket påvirkes av den verden vi lever i.

Norsk tegnspråk er i utvikling. Det er stadig behov for nye ord, knyttet til nye fagområder og gjenstander som døve og tegnspråkbrukere har befatning med. Et godt eksempel er nyvinninger som tegnet for «det-å-sjekke-noe-på-smarttelefonen-min».

I snart 40 år har jeg arbeidet med norsk tegnspråk og sett det vokse i anerkjennelse fra å være et minoritetsspråk med lav status til å bli et offisielt språk som del av vår norske kulturarv. Så neste gang du ser norsk tegnspråk på fjernsyn eller i en annen sammenheng, må du bruke øynene og se nøye etter. For et levende norsk tegnspråk er en viktig del av kulturen rundt oss, tilpasset våre egne erfaringer og livsoppfatning.



amen



golvvask



smarttelefon

Illustrasjoner: Georg L. Berki



# Grunnlova i nye versjonar

I jubileumsåret 2014 har Stortinget vedteke to moderniserte språkversjonar av Grunnlova: ein på bokmål og ein på nynorsk. Vi skal sjå nærare på føremålet med endringane og på spesifikke språklege val i dei to versjonane.

Bokmålsversjonen er utarbeidd av professor emeritus Finn-Erik Vinje og vart vedteken med 165 mot 4 røyster. Nynorskversjonen er utarbeidd av eit stortingsoppnemnt utval leidd av professor Hans Petter Graver (og med to representantar frå Språkrådet) og vart vedteken med 168 mot 1 røyst. Ein meir modernisert bokmålsversjon frå Graver-utvalet vart forkasta med 82 mot 87 røyster.

Alt i 2008 fremja Vinje og Carl I. Hagen eit framlegg til revidert versjon. Det vart avvist, mellom anna fordi nynorsken ikkje var teken med i rekninga.

## Kvifor fornying?

Grunnlovsfedrane ville ikkje skriva gammaldags og utilgjengeleg, dei nytta berre det danske skriftmålet dei hadde lært. Dei ville nå fram med eit aktuelt dokument. Forvaltar vi den arven

godt med å dyrka sjølve det alderdommelege preget, som jo er eit produkt av ettertida? Det har vore usemje om det. Men ingen har ynskt noko reint kvardagsmål. Poenget har vore å gjera Grunnlova meir *tilgjengeleg* for folk flest, og jubileumsåret 2014 peika seg ut som det rette høvet.

Folkeopplysning og demokrati har vore viktigast, men det har òg vore eit mål å gjera norsk til grunnlovsspråk. Eit slikt mål kan nåast på minst to måtar: med å justera den danske teksten slik at han såvidt fell innanfor norsk rettskriving, og med å setja om til meir typisk moderne nynorsk og bokmål.

Også praktiske motiv har vege tungt. Heilt til det siste har ein streva med å formulera *nye* paragrafar på 1814-dansk eller strengt teke – etter ein revisjon i 1903 – på seint attenhundretals dansk-norsk. Dette har sett urimelege språkkrav til dei som har skulla skriva nye paragrafar.

### Skrivemåte og lydverk

Dette er det mest overflatiske og kankskje mest synlege nivået. Her er mange endringar «obligatoriske», til dømes små førebokstavar i substantiv, *å* for *aa*, *e* for *æ* i mange tilfelle (*bekræfte*, *Præsident*), *noe* og *etter* (*noget* og *efter*), bortfall av stumme lydar (*ind*, *Storthing*), *bdg* for *ptk* (men likevel *antagelse*, *ad-*), *å* for *at*, kortformer av verb som *si(ge)* og *ha(ve)*. Innanfor den gjeldande rettskrivinga er bokmålsversjonen halden så nær originalen som mogleg. *Sju* heiter til dømes *syv*, og ein finn ikkje norske diftongar nokon stad, korkje hjå Vinje eller Graver.

I nynorsk er det stort sett valt former frå læreboknormalen frå 1959, som galdt til 2012. Innanfor den att er det valt tronge vokalar (som *y* for *ø* i

*fyrst*), og enkel konsonant for dobbel (*skjøn*, men likevel *dommar*, som før var hovudform). Resultatet er såleis moderat konservativt.

### Formverk

Bokmålsversjonen har naturlegvis gjennomført dei naudsynte endringane frå eldre dansk og til dømes fjerna fleirtalsbøyinga av verb (*de kunne* → *de kan*) og fleirtals-*e* i partisipp (*der ere fødte* → *som er født*). Ingen valfrie særnorske trekk er nytta, som *a*-endingar i verb og hokjønnsord. Det må kallast einsegn innanfor rettskrivinga, men normalt innanfor det administrative bokmålet og høgare talemålet.

I nynorsk er dei vanlege norske *a*-endingane i hokjønn og i fortid av verb obligatoriske. Eldre omsetjingar hadde *i*-mål («*lovi*») og dessutan ein rungende *a* i infinitiv: «Ytringsfridom skal det vera!» Men no skal det vere *vere*.

### Ordval

Det er nok minst éi ordendring per paragraf i bokmålsversjonen og sjølv sagt mange fleire i nynorskversjonen. Det ville snauv vore mogleg å la det stå *der* for *som*, *stedse* for *alltid* og *billiger* for *godtar* – for ikkje å snakka om «som [Kongen] for tjenlig *eragter*».

Dei mest gammaldagse orda som står att, viser gjerne til noko som høyrer fortida til og manglar opplagde moderne synonym: «Ingen grevskaper, baronier, stamhus og fideikommisser må for ettertiden opprettes.» *Hoffstat* er stuttare enn alternativet «tenarar og funksjonærar ved hoffet», og alternativet *hofffolk* vann ikkje fram.

Det felles dansk-norske kansellistiske ordtilfanget er meir reindyrka i den nye versjonen enn i vanleg bokmål i dag, men det er mjuka opp ein

del. «Hvis vi bruker mange pronomi- nale adverb av typen *herfor, hermed, derav, herav, derom, herom*, får fram- stillingen et stivt, skriftspråklig preg», skriv Finn-Erik Vinje i *Moderne norsk*. I Grunnlova finn vi no både endring til typen «i lov om dette» (for «herom») og typen «traktater herom» (Graver: «om dette»), og mest av det siste. Eit stivt ord som *dog* er fjerna to av fleire stader, medan *kun* er sporlaust borte.

Vinje har omsett *Gjenstande med forhold* éin stad, med *emner* ein annan stad og med *gjenstander* i § 100. Nynorskversjonen har alltid *emne*:

*Frimodige ytringer om statsstyret og hvilken som helst annen gjenstand er tillatt for enhver. →*

Alle har rett til å ytre seg frimodig om statsstyringa og kva anna emne som helst.

Stikkordet er spreidd oppmjuking. I Vinjes siste versjon frå 2012 har det dessutan kome til fleire løysingar som svarer til Graver-versjonen, til dømes:

*ha innseende med den offentlige forvaltning → føre kontroll med ...*

*med iakttagelse av Grunnloven → i overensstemmelse med Grunnloven (nynorsk: i samsvar med Grunnlova)*

Synonymfloraen i originalen er rik på området rettar og plikter: *skyldig, forbunden, pliktig, forplikte, påligge; berettiget, tillatt, tilkomme* ofl. Graver- utvalet forenkla delvis til (*ha*) *rett/plikt* og *skal/må/kan* (ikkje). Og ikkje minst:

*Ytringsfrihet bør finne sted. → Ytringsfriдом skal det vere.*

«Skal» er faktisk den rette lesemåten av «bør» i dag.

Begge versjonane har med begge

kjønn der det før berre stod «han». Graver-versjonane set kvinnene fyrst.

### Moderne ord

Nokre stader har *begge* versjonane modernisert eller forenkla ordbruken: *Søgnedag → hverdag/kvardag, fallere → gå konkurs og Livsstraff → dødsstraff* (Vinjes siste versjon og Graver). Andre stader er det berre Graver-versjonane som har modernisert:

*sjælelig Svækkelse → psykisk svekking*

*Fordrer Statens Tarv, at ... → Krev omsyn til samfunnet at ...*

*Etter at forslaget der er antatt, skal ny deliberasjon finne sted i Stortinget ...*

*Mellom hver slik deliberasjon må ... →*

*Etter at framlegget er vedteke der, skal Stortinget ta det opp til ny vurdering ...*

*Mellom kvar slik behandling må ...*

### Nynorskordlag

Nynorsken har eit litt anna administra- tivt ordtilfang enn bokmål. *Besettelse* er mellom anna *utnemning, beføyelse* kan vera *råderett*, og *å tilstede* kan vera *å gje løyve*. I ein paragraf som ikkje vart vedteken, heitte *Befolkningens Helbred* beint fram *folkehelsa*.

Det er stort sett valt tradisjonelle ord der det er valfritt, til dømes *vederlag* for *erstatning*. Fire samansette dømme:

*forslag ... bifalles → framlegget ... blir stødd*

*i tilfelle av stemmelikhet → står røystene likt*

*saker av ... viktighet → viktige saker*

*erklærer han seg offentlig å være myndig → lyser han seg myndig*

Men det står alltid *behandle*, ikkje *handsame* eller dei meir tradisjonelle



*ta opp, ha oppeføre.* Det skaper eit visst stilistisk sprik i nynorskteksten, som Graver-utvalet sjølv har peika på.

Fleire stader har dei to vedtekne versjonane to *ulike* alternativ til originalen. Døme:

*de Sager som af Storthinget  
foranstaltes anlagte for Rigsretten →  
de saker som Storthinget anlegger  
for Riksretten / saker som Storthinget  
reiser for Riksretten*

*i fire på hinanden følgende Aar; to paa  
hinanden følgende Gange →  
i fire sammenhengende år; to på  
hinannen følgende ganger /  
i fire år på rad; to gonger på rad*

### Historiske problem

Nokre paragrafar er ekstra vanskelege å modernisera. Det har vore mykje snakk om den tidlegare § 96: «Pinligt Forhør maa ikke finde Sted.» Graver-utvalet ville kalla forhørsmetoden «tortur», eventuelt «pinefullt forhør», som Vinje òg valde i siste omgang. Paragrafen er no borte, og det har kome inn torturforbod ein annan stad.

ditt.» Graver-versjonane (og Vinjes framlegg frå 2008) hadde *å ta opp lån* eller *å oppta lån*. Det er regjeringa som reint praktisk tek opp lån, medan det som «tilkommer Stortinget», er å *gje løyve* til å låna, eller opna *for* lån, som vi vel ville sagt i dag.

Eit anna presisjonsspørsmål ligg i § 102: «Hus-Inkvisitioner maa ikke finde Sted, uden i kriminelle Tilfælde.» Vinje har «husundersøkelser», Graver har «husransakingar», som er eit tron-gare omgrep.

I § 23 er det ulike tolkingar av kva som skal kunngjerast:

*Kongen kan meddele Ordener til  
hvem han for godt befinder; til  
Belønning for udmærkede  
Fortjenester, der offentligen maa  
kundgjøres. →*

Kongen kan tildele ordener til hvem han ønsker, til belønning for utmerkede fortjenester, og dette må offentlig kundgjøres. /

Kongen kan gje ordenar til kven han vil, til påskjøning for framifrå fortjeneste, som må kunngjerast offentlig.

- «Dansk-norsken har sett urimelege språkkrav til dei som har skulla skriva nye paragrafar.»

Eit nærmast uomsetjeleg omgrep er *politi* i 1814-tyding. Det som er sikkert, er at det ikkje svarer til dagens *politi*. Vinje endra det i siste omgang slik at det svarer til Graver-versjonane: «Handel, Told, Næringsveie og Politi» → «handel, toll, næringsveier og offentlig forvaltning og regulering». Løysinga er omstridd.

Det språkleg mest omstridde punktet har vore § 75 b: «Det tilkommer Stortinget ... å åpne lån på rikets kre-

### Setningsbyggnad

Bokmålsversjonen til Vinje har jamt over same syntaksen som originalen. Nokså markert er den gjennomførte bruken av enkelt bestemt form, som trass i hardnakka rykte om det motsette òg fanst i Graver-framlegget. I Grunnlova står det framleis «de anmerkninger» og «denne Grunnlov» – og jamvel «på denne måte» for vanleg norsk «på denne måten». Denne målføringa

er det nøytrale og vanlege i dansk. Ein særnorsk spesialitet er å spara slikt til høgtidlege høve og bruka vanleg norsk ordlegging til kvardags. Men sidan heile Grunnlova er høgtideleg, finn vi i bokmålsversjonen korkje den vanlege norske målføringa eller den særnorske sosiokulturelle arbeidsdelinga.

Men det er mjuka opp i kansellistisk syntaks her og der. Døme på fjerning av attributiv sperring: «[De] af Storthinget givne love» har vorte til «de lover som Stortinget har gitt». Men stort sett står det som her: «med de av Stortinget tilføyde anmerkninger» og «en til Norges krone arveberettiget prins». Døme på genitivsomskriving: «Rigets bestyrelse» er vorte til «styret av riket» i § 13, men ikkje i § 40. Likeins er «bestemmelsene i denne Grunnlov» nytt, medan det ein annan stad står «denne Grunnlovs prinsipper». Døme på overgang frå passiv til aktiv:

*kun forsaavidt det af Storthinget  
maatte tilstedes →  
bare for så vidt Stortinget måtte  
tilstede det*

Det var meir gjennomført oppmjuking i Graver-versjonen.

### Forenkling og opphogging

I nynorskversjonen er mange setningar brotne ned og bygde opp att, som vanleg er i omsetjing. Ikkje sjeldan vert det stuttare:

*Hvorvidt og under hvilke former de  
stemmeberettigede kan avgi sine  
stemmesedler uten personlig frem-  
møte på valgtingene ... →  
Om og korleis dei røysteføre kan  
røyste utan å møte personleg på  
valtinga ...*

*Er en lovbeslutning blitt uforandret  
antatt av to storting, sammensatt etter  
to på hinannen følgende valg og inn-  
byrdes adskilt ved minst to mellomlig-  
gende storting ... →*

Når to storting med eitt val og minst to storting imellom har gjort same lovedtaket uendra ...

*Dog tilkommer arverett ikke noen  
som ikke er født i rett nedstigende  
linje fra den sist regjerende konge  
eller dronning eller fra dennes bror  
eller søster, eller selv er dennes bror  
eller søster. →*

Arverett har likevel berre dei som ættar frå foreldra til den sist regjerande dronninga eller kongen.

Somme stader vart det sett nye punktum i Graver-versjonane for å letta lesinga (t.d. i § 6 og § 26 andre ledd). Dette har ført til eit utilsikta mishøve mellom dei to vedtekne versjonane. Dei største omkalfatringane finn vi elles i § 57 og § 59 om valskipnaden og i § 81. Dette er lange paragrafar, så vi nøyer oss med å vise til Lovdata. Du kan òg lesa meir i Statsspråk nr. 3/2014.

### Resultatet

Til slutt må det nemnast at resultatet ikkje er fritt for rusk. Ulik leddinndeling i målversjonane er eitt problem, ulik bruk av store førebokstavar eit anna. Dessutan vedtok Stortinget ved eit mistak ein ordlyd som skil seg noko frå Gravers nynorskversjon. Det må altså ei lita opprydding til.

Men det viktigaste er at Grunnlova for fyrste gong på lenge ligg føre på «landets språk», som det heiter i Grunnlova – den eine versjonen var samt «andletslyft» frå 1814-dansk, den andre klårt omsett.

# Romani, språket til taterane

■ ROLF THEIL

For fyrste gong kjem det ut ei bok som er skriven på romani i Noreg. Urettane har vore mange og store mot dei reisande og språket deira, og mange har kvidd seg for å stå fram. Kanskje er dette starten på ein ny vår for taterspråket vårt?

I haust kjem boka *Vandriane rakkrar* ('taterane fortel') ut på Novus forlag. Utgjevinga er ein milepåle: Aldri før har det blitt gjeve ut ei bok i Noreg med romani som hovudspråk. Taternes landsforening står bak utgjevinga, og taterane Mariann Grønnerud og Anna Gustavsen har laga teksten, i samarbeid med ein *buro*, nemleg meg, som språkvitskapleg fagmann. I boka fortel nokre eldre taterar om livet sitt. Boka inneheld òg omsetjing av romaniteksten til bokmål og nynorsk.

## Romani i Europa

Romani er eit norsk minoritetsspråk som blir tala av romanifolket/taterane. I internasjonal språkforskning er *romani* namnet på ei genetisk definert gruppe av språk som blir tala over det meste av Europa, og som også omfattar *romanes*.

I Noreg er derimot romani og romanes to forskjellige, nasjonalt godkjende minoritetsspråk.

Det er vanleg å dele språkgruppa i fire greiner: balkan-romani på Balkan, valakisk romani i Romania, sentral-romani i Tsjekkia, Slovakia, Ungarn, Austerrike og tilgrensande område og nord-romani i resten av Europa.

Både romane og taterane i Noreg snakkar språk som språkforskarane kallar *romani*. Språket til romane er *valakisk romani*, mens språket til taterane, *norsk romani*, er ein variant av nord-romani. Norsk romani ligg så nær svensk romani at somme slår dei saman under namnet *skandoromani*, jamfør boka *Skandoromani* av Åsta Mari Aune (2012). Her er ei lita setning på romanes og (norsk) romani for å vise likskap og skilnader:

ROMANES	O raklo	kerelas	šuran	taj	bikinelas	len.
ROMANI	Rakklon	kera	tjuroar	å	bekkna	dæsjno.
NORSK	Guten	laga	knivar	og	selde	dei.



Mange har fått eit møte med kulturen til taterane i Noreg gjennom musikken til familien Akselsen. No kjem den første boka skriven på norsk romani.

Foto: Jørgen Braastad / VG / NTB Scanpix

Romani er i denne artikkelen skrivi med den romanirettskrivinga som eg har laga under arbeidet med boka *Vandriane rakkjar*. Vi ser den leksikalske likskapen mellom dei to språka. Derimot er det store skilnader i ordbøyinga. Romanes har eit bøyingsystem med røter i eit 700–800 år gammalt urromani, mens norsk romani har bøyingar med opphav i norsk og svensk språk. Norsk romani er også sterkt påverka av det norsk-svenske lydssystemet.

### Urromani

Både romani og romanes og andre romanispråk over heile Europa stammar frå urromani, som blei tala på Balkan på 1300-talet. Talarane og språket deira stamma frå India. Språket hadde eit ordtilfang og ein grammatikk som stod nær moderne indoariske språk som hindi, urdu og panjabi, men vi

veit ikkje nøyaktig kva tid forfedrane til dei romanitalande forlét India. Etter eit par hundre år hadde romanitalande grupper spreidd seg over heile Europa, og dei nådde Norden kring år 1500. Etter kvart utvikla det seg store geografiske skilnader.

Nokre romanispråk – som norsk romani, svensk romani, engelsk romani og spansk romani – tok over grammatikken frå majoritetsspråket i området der dei heldt til, mens andre – mellom anna finsk romani og valakisk romani – heldt ved lag grammatikken frå urromani. Romanes blir tala av romar som kom til Noreg (og mange andre delar av Vest-Europa) frå Romania på 1860-talet.

### Romanifolket

I denne artikkelen kallar eg den romanitalande folkegruppa for *taterane*, men dei er òg kjende som *romanifolket* og *dei reisande*. Når dei omtalar seg sjølve, seier dei ofte *folket vårt*. Ikkje alle tatarar er så glade i ordet *tater*, fordi storsamfunnet har nytta det på eit svært nedsetjande vis, men andre ønskjer å «ta ordet tilbake». Romanifolkets landsforening (skipa i 1995) bytte i 2005 namn til Taternes landsforening, mens organisasjonen Landsorganisasjonen for romanifolket (skipa i 2000) held på *romanifolket*. På romani finst det òg fleire ord for *tater*, men *vandring* (fleirtal *vandriar*) er truleg det vanlegaste. Folk som ikkje er tatarar, blir kalla *buroar* (eintal *buro*). *Buro* tyder òg ‘bonde’, og taterane kallar ofte ikkje-tatarar for *bønder* når dei snakkar norsk.

Vi veit ikkje kor mange som kan snakke norsk romani, sjølv om vi nok kan hevde at alle tatarar har norsk som fyrstespråk. Vi veit heller ikkje kor stor folkegruppa taterane er, mellom anna



fordi det er vanskelege å telje dei. Det har aldri vore ein fordel å stå fram som tater i det norske samfunnet, og mange gjer det heller ikkje. Noko av forklaringa er omtala i *Stortingsmelding nr. 15 (2000–2001)*: «Regjeringa vil gjennom denne meldinga be om orsaking for dei grove overgrepa romanifolket har vore utsett for av eller med aktiv støtte frå legale norske styresmakter.» Det er til dømes dokumentert at 128 personar med taterbakgrunn blei steriliserte med ofentleg løyve i perioden 1934–1977. Etter krigen blei taterane i stor grad pressa ut or tradisjonelle omreisande næringsvegar, som resultat av reguleringar frå styresmaktene.

### Manglar i ordtilfanget

Boka *Vandriane rakkrar* har blitt til ved at tekstane i heftet *Taterne forteller* blei sette om til romani. Heftet, som er skrive på bokmål, kom ut i 2006 og var redigert av Anne-Mari Larsen frå Dronning Mauds Minne ved Høgsko-

len for førskoleutdanning i Trondheim og Anna Gustavsen frå Taternes landsforening. Det var ein lang prosess å setje om tekstane til romani, mellom anna fordi ordtilfanget er mangelfullt på fleire felt.

Anna Gustavsen og Mariann Grønnerud har reist rundt i store delar av landet og rådført seg med språkmeistarar. I dag kjenner vi mange ord som ikkje er med i dei største ordbøkene, som *The Romany language in Norway* av Ragnvald Iversen (1944), *Hemmelige språk og tegn* av Øyvin Ribsskog (1945) og *Romani-folkets ordbok* av Ludvik Karlsen (1993). Alle romaniorda som er nytta i *Vandriane rakkrar*, er samla i ordlister bak i boka, og det er håpet vårt at boka skal vere til hjelp og nytte for alle som vil lære seg eller friske opp romanien sin. Vi ønskjer romani ei ny blømingstid!

.....  
Rolf Theil er professor i lingvistik ved Universitetet i Oslo.

## Minoritets- og urfolksspråk i Noreg

Eit overordna mål for språkpolitikken i Noreg er å halde ved lag og fremje nasjonale minoritetsspråk og samiske språk. Målet er heimla i fleire stortingsmeldingar, norske lover og forskrifter og internasjonale avtalar.

Dei siste 20 åra har den minoritetsrettslege statusen blitt styrkt ved at Noreg har ratifisert Europarådets rammekonvensjon om vern av nasjonale minoritetar og Den europeiske pakta om regions- og minoritetsspråk. Språkpakta er meir detaljert og omfattande enn rammekonvensjonen. I rammekonvensjonen er det eit grunnleggjande prinsipp å inkludere minoritetar i saker som gjeld dei.

### Urfolk og nasjonale minoritetar

samar  
kvener/norskfinnar  
skogfinnar  
jødar  
romar (sigøyningar)  
romanifolk/taterar

### Godkjende regions- og minoritetsspråk

sør-, nord-, lulesamisk  
kvensk  
romanes  
romani

# Tenketeknologi

■ ANDERS JOHANSEN

Av hensyn til kvaliteten på forskningen insisterer jeg på å skrive norsk. Etterpå kan jeg prøve å oversette det eller få det oversatt. Men selve utforskningens språk må være morsmålet, altså det språket jeg lever mitt liv gjennom.

Språket er et undersøkelsesmiddel, ikke bare et middel til meddelelse av ferdig utviklede resultater. Det er jo ikke slik at vi først samler inn opplysninger og tolker og ordner dem og tenker dem inn i et eller annet perspektiv, for så etterpå, når kunnskapen endelig er ferdig etablert, å ta fatt på et annet arbeid, nemlig å formulere den i et språk som kan nå fram til en eller annen målgruppe. Snarere er det slik at kunnskapen blir til idet vi så å si skriver den fram.

## Språklige operasjoner

Gjennom strevet med ord og setninger utvikler vi vårt kjennskap til saken. Det er gjennom utforming av teksten, i stort og smått, at vi klargjør inntrykk,

– alt dette er språklige operasjoner. Kvaliteten på disse operasjonene er avhengig av mange ting, men ikke minst av forskernes språkbeherskelse og literære ambisjoner.

Så vidt jeg kan se, er språket det viktigste av alle vitenskapelige instrumenter. Situasjonen er kanskje ikke den samme i alle fag: Resultatet av et laboratorieeksperiment framgår av tabellen. Teksten for øvrig kan bestå av en knapp og standardisert redegjørelse for tidligere forskning og for hvordan disse nye tallene ble framskaffet. Men i de fagene jeg kjenner til, altså samfunns- og kulturfagene, er skrivingen selve den sentrale vitenskapelige metoden. Skal man beherske metoden fullt ut, må man være lommekjent i språket.

● «Språket er det viktigste av alle vitenskapelige instrumenter.»

forlenger tankrekker, organiserer oppdagelsen av stoffet. Skrivearbeidet orienterer kunnskapsprosessen fra først til sist: å utforme en problemstilling, systematisere et materiale, skjelne nyanser i analysen, bygge et argument

Selv kan jeg skrive på engelsk, på sett og vis kan jeg vel også tenke på engelsk, men det er også bare på sett og vis.

I dette er jeg som de fleste andre, vil jeg tro. Jeg har ikke slik føling med engelsk at jeg er i stand til å utnytte det

særlig effektivt som tenketeknologi. Jeg oppfatter ikke mange stilnyanser, har ikke mange begreplige alternativer å velge mellom. Derfor skjer det ikke mye med stoffet underveis og mens jeg skriver. Altfor lett faller jeg tilbake på uttrykksmåter som er gjengs i en faglitteratur jeg er kjent med fra før. Det er mer sannsynlig at jeg tenker skjematisk og konvensjonelt på engelsk enn på norsk, og jeg merker ikke like lett når jeg gjør det.

### Førsteklasses språk

Jeg har vansker med å godta at forskere, som ellers aldri blir lei av å perfektionere sine instrumenter og metoder, skal si seg tilfreds med å utføre tankearbeid i et språk som de ikke har et førsteklasses forhold til. Jeg har vansker med å godta at universitetenes egne språkutredninger ikke tar dette problemet på alvor.

På den andre siden: Å nærme seg saken gjennom et annet språk, som jo langt på vei er en annen kultur, kan være å gjennomgå en slitsom fremmedgjøring som får mangt til å se annerledes: Enkle ting blir vanskelige, vi må prøve oss fram på uvante måter. Å skrive på et annet språk er ikke nødvendigvis mindre stimulerende enn å skrive i en annen sjanger eller

fagspråk og fremmedspråk kan være midler til det.

### Manglende fortrolighet

Men dette kan ikke oppheve poenget med de intellektuelle ressursene i den innfødte språkbeherskelsen. Hvis vi skulle tatt poenget med den stimulerende fremmedgjøring på alvor, burde vi jo heller ikke nøyd oss med engelsk, men prøvd å hente inn en større rikdom ved å gi oss i kast med i det minste fransk og tysk. Men for de fleste av oss er det tross alt slik at selv om vi leser og skriver et eller flere fremmedspråk rimelig godt – og får utbytte av det på mange vis – så vil vi bestandig mangle en viss fortrolighet. Vi kjenner oss litt dummere enn ellers – og det er vi.

Vi føler at vi ikke helt kommer til vår rett, verken faglig eller menneskelig. Som regel gjør det ikke så mye, men hvis vi har vitenskapelige ambisjoner, er dette en alvorlig sak. Vi mangler nettopp det som skal til for å klargjøre en uvant tanke, eller gripe en fin nyanse, eller sammenfatte et gjenstridig materiale, det vil si at vi mangler det som skal til for å bruke språket til å utføre virkelig krevende oppgaver.

● «Kunnskapen blir til idet vi så å si skriver den fram.»

for et annet medium. Å streve med noe som ikke kan oversettes direkte, er å bli klar over en større betydningsrikdom; å måtte skrive det om kan være det samme som å nyttenke det. Enkelte føler at de først og fremst trenger å få avstand til sitt emne; både



.....

Anders Johansen er professor i medievitenskap og sakprosa ved Universitetet i Bergen.

# Godt språk er god folkehelse

■ RAM GUPTA OG ANDERS HUUSE KARTZOW

Hver tredje nordmann sliter med å forstå skriftlig helseinformasjon. Helsemyndighetene må ta problemet på alvor.

Leseforskning fra mange land viser at et godt skolevesen ikke er en garanti for gode leseferdigheter. Slik er det også i Norge. Ifølge forskere fra Lese-senteret ved Universitetet i Stavanger har en tredjedel av den voksne befolkningen vanskeligheter med å lese og forstå skriftlig helseinformasjon.

Tallet kommer frem i en artikkel som de samme forskerne publiserte i tidsskriftet *Sykepleien Forskning* (nr. 1/2014). Forfatterne plasserer tredjedelen i det de kaller bekymringsgruppen, og de bygger vurderingen på kriterier fra OECD.

## Bekymringsgruppen

I bekymringsgruppen finner vi blant andre eldre, innvandrere, voksne med lite utdanning og personer som har dårlig helse, eller som av ulike grunner

pårørendes helse. Folk feilvurderer hel-sesituasjonen. De oppsøker ikke lege når de burde. De stiller ikke de riktige spørsmålene. Mange har problemer med å orientere seg i helsevesenets tilbud, og det er vanskelig å vurdere ulike helseråd opp mot hverandre.

Helsetekster kan være vanskelige å forstå, selv for personer som står utenfor bekymringsgruppen. Noen ganger skyldes det at tekstene er dårlig utformet. Og det gjør ikke situasjonen bedre at tekstene har mange fremmedord og mye sjargong. Hvem har ikke slitt med pasientbrev som er spekket med medisinske og juridiske fremmedord, for ikke å snakke om ubegripelige pakningsvedlegg i medisinen fra apoteket? Og når folk ikke forstår godkjent helseinformasjon, går de andre steder. De søker da heller på nettet og leser blader

● «Det er viktig at helsevesenet tar ansvar for å sikre et godt helsespråk.»

står utenfor arbeidslivet. Urovekkende mange mennesker i landet vårt forstår altså ikke informasjonen de får fra helsevesenet. Hva skjer da?

Først og fremst vet vi at det påvirker den enkeltes evne til å ta vare på egen og

og aviser fulle av lettfattelig informasjon som ikke er kvalitetssikret av leger eller sykepleiere.

## Argumentene

Fordi godt og klart språk er avgjørende

for folkehelse, er det viktig at helsevesenet tar ansvar for å sikre et godt helsespråk. Dette er god samfunnsøkonomi. Men det finnes også andre argumenter for at vi skal ha fokus på dette i helsevesenet.

Vi har en etisk/moralsk forpliktelse til å skrive tekstene våre på en måte som gjør at det ikke skaper frustrasjon og fremmedgjøring hos pasienter og pårørende. Hvordan vi skriver, er derfor en naturlig del av den helhetlige pasientomsorgen. At pasienter og pårørende forstår det vi skriver, er også avgjørende for at vi skal kunne ivareta samfunnsmandatet vårt, nemlig å sikre alle rett til likeverdige helsetjenester. Derfor kan dårlig helsespråk føre til at vi bryter grunnleggende pasientrettigheter.

I 2010 innførte amerikanske helsemyndigheter en nasjonal plan for klarspråk, der målet er å gjøre helsestoff lettere å lese for den jevne amerikaner. Planen er forankret i en egen lov og følges opp av alle føderale instanser. Det amerikanske folkehelseinstituttet skriver følgende på nettsidene sidene: «Vi forplikter oss til å bruke klarspråk i informasjonen til publikum.» Det er et eksempel til etterfølgelse.

### Trenger en dytt

Det er viktig å ha politisk oppmerksomhet om klarspråk på alle nivåer i forvaltningen, særlig i helsevesenet. Det kan være en god idé å utarbeide en nasjonal plan for å forbedre helse-relatert leseferdighet; her kan helsemyndighetene bidra. I mellomtiden er det vi som jobber i helsevesenet, vi som lager helsespråket, som må ta ansvar for språket vi møter pasientene med, det være seg i pasientbrev, i brosjyrer, på nettsider og andre steder der vi kommuniserer skriftlig.

Ansvarer betyr at helsevesenet må

Fem frie lumbalvirvler.  
Virvel L5 er en sakralisert  
overgangsvirvel. Fusjon mot  
sacrum S1 og mellomskiven er  
ikke utviklet. Rett overgang  
thoracal-lumbalcolumna  
og opphevet lordose  
lumbalt.



Foto: Katrine Lunke / Oslo universitetssykehus

holde seg med kompetanse og kapasitet på feltet. Ikke minst må det bygges opp en kultur for et godt helsespråk. Men helsevesenet har liten eller ingen tradisjon for å arbeide med språklige problemstillinger. Oppmerksomheten er rettet mot å få de kliniske hjulene til å gå rundt. Slik må det selvsagt være, men det ene utelukker ikke det andre.

Hvordan oppnår vi den forståelsen i en hel samfunnssektor? Gulroten er en enorm gevinst for folkehelse og samfunnsøkonomi. Helsevesenet trenger en dytt. Er det noen der ute som vil hjelpe til?

.....  
Ram Gupta er kommunikasjonsrådgiver og Anders Huuse Kartzow likeverdsrådgiver ved Oslo universitetssykehus.



# Titulus

■ ERLEND LØNNUM

Dette er inngangen til artikkelen, eller ingressen som den kalles i typografien, læren om boktrykking og grafiske elementer. La oss utforme en tekst om grafikken, med særskilt trykk på det etymologiske, og like godt starte øverst: *Titulus* er latin for tittel og betyr 'innskrift', 'påskrift' eller 'overskrift'.

Dette er broen (norrønt *brú*). Den binder ingressen og brødteksten sammen, begge med latinske røtter: Ingress 'inngang' er avledet av *ingredi* 'gå inn i', og tekst kommer av *textus* 'sammenføyning, vev'. Veven i teksten er bokstavene (norrønt *bókstafr*). De har trolig navn fra gammelenkelsk, der de skal ha beskrevet innrissede tegn på bølgeplater.

Hva så med brødet i brødteksten? Det kommer visstnok av at typografene før i tiden fikk betalt ut fra hvor mange linjer de satte, og siden brødteksten utgjorde størstedelen av teksten og var rask å sette, var det den som ga setteren mest penger til det daglige brød.

## Mellomtittel

Mellomtittelen forklarer vel seg selv. Det gjør derimot ikke ord som etymologi, læren om ordenes opphav, og typografi, som vi allerede har introdusert – hvis man ikke er greskkyndig, da. For da vet man at *typos* er gresk for 'slag, preg, figur', avledet av verbet *typein* 'slå', og at *graphe* er gresk for 'skrift, brev', avledet av verbet *graph-*

*ein* 'skrive'. *Etymos* betyr 'sann, virkelig', mens *logia* 'lære' har sammenheng med *logos* 'tale, tanke'. Det dreier seg altså om skriftpreg og sanne tanker, til tross for at etymologien ikke alltid er en eksakt vitenskap.

## Periodika

Vi kaller gjerne Språknytt et tidsskrift, jf. tysk *Zeitschrift*. Andre kaller det for et magasin eller blad. Magasin har tatt veien til norsk fra arabisk *makhzan* 'lagerhus (av informasjon)' via italiensk og fransk, mens blad (norrønt *blað*) har samme rot som latin *folium*, slik også føljetong (en slags fortsettellesfortelling) har det, jf. fransk *feuilleton* 'lite blad'.

En del andre betegnelser for periodiske utgivelser har vi fra fransk, som avis (*avis* 'mening', jf. latin *ad visum* 'til syn'), gasett (*gazette* 'avis', jf. venetiansk *gazza* 'mynt', som var prisen på Europas første avis), journal (*journal* 'avis, dagbok', jf. latin *diurnalis* 'daglig') og revy (*revue* 'gjennomsyn', jf. *revoir* 'se igjen'). Og fra gresk *periodikos* 'tilbakevendende' stammer den latiniserte formen periodikum (periodika i flertall).

# ntikva

## Typer

I Språknytt trykker vi artikler (jf. latin *artus* 'ledd'), intervjuer (jf. fransk *entrevue* 'sammenkomst'), notiser (jf. latin *notus* 'bekjent (underretning)') og kolofoner (jf. gresk *kolofon* 'avslutning'). Tekstene er satt i spalter (jf. tysk) eller kolumner (jf. latin *columna* 'søyle') og i register (jf. latin *regerere* 'skrive inn') med skrift i ulike snitt (jf. tysk *schneiden* 'skjære'): normal (jf. latin *normalis* 'vinkelrett'), kursiv (jf. latin *cursiva* 'løpende') og halvfet.

Skrift (norrønt *skript*) kan føres tilbake til latin *scribere* 'skrive' og har en typografisk variant i det engelske ordet font, jf. fransk *fonte* 'smelting'. Den vanligste skrifttypen kalles **Antikva**. Det betyr rett og slett 'gammel', jf. latin *antiqua* (*littera*) 'gammel (bokstav)'. Den gotiske skrifttypen med kantete og spisse former kalles **fraktur**. Fraktur er beslektet med fragment, jf. latin *frangere* 'bryte'. Og **Grotesk** er navnet på skrifttypen hvor alle linjer er like kraftige og mangler seriffer (jf. nederlandsk *schrijven* 'skrive'), de tynne utløperne på antikvabokstavene. Grotesk er knyttet til italiensk *grotta* 'grotte' og grotesker som ble funnet i katakombene i Roma.

## Sluttpoeng

I bladproduksjonen figurerer også noen typografiske termer fra engelsk. Design (jf. latin *signum* 'tegn') brukes mye om utforming, og layout ('utlegging') lever side om side med uttegning og formgivning. Den linjen i overskriften som opplyser om hvem som har skrevet artikkelen, kalles byline ('preposisjon + linje'), jf. «By NN» ('ved NN'). Og punchline ('slaglinje') er en poengfylt og ofte humoristisk linje eller replikk



Foto: Maskot / NTB Scenpix

# fraktur

som skal uttales med ettertrykk, gjerne ved tekstens slutt – et fyndig sluttord altså.

.....  
Erlend Lønnum er rådgiver i Språkrådet.

# tøsk



# Når vi kodevekslar

■ MARIA BOER JOHANNESSEN

Setningar som «Alt er awesome i mitt liv» er døme på ei språk-blanding som blir kalla kodeveksling. Kvifor blandar nordmenn inn engelske ord og frasar i daglegtalet? Vi burde då heller snakke «rein» norsk?

Dette var temaet for masteroppgåva mi, der eg intervjuar åtte personar frå 20 til 30 år, fire engelskstudentar og fire som ikkje har studert engelsk utover vidaregåande utdanning. Analysane, generaliseringane og døma i denne artikkelen er hovudsakleg basert på desse intervjuar.

Kodevekslinga kan skje mellom eller inne i setningar og er svært vanleg overalt der fleire språk møtest. Skiljet mellom lånord og kodeveksling er flytande, så for å gjere det enkelt har eg brukt ordboka for å avgjere om eit ord er akseptert som norsk.

## Korleis?

Alle informantane brukte for det meste enkle engelske ord inne i elles norske setningar, og i somme tilfelle også samansette ord eller korte frasar. Fleire av

desse er ganske vanlege å observere hjå nordmenn, som *yes, lost, fuck, date* og *twerke*. Men engelskstudentane brukte nesten dobbelt så mykje engelsk som dei i blandingsgruppa, og dei brukte oftare litt meir avanserte engelske ord, som *revenue, biased* og *trade union*. Det var veldig sjeldan at nokon brukte heile engelske setningar innimellom norske setningar.

Ofte sa informantane dei engelske orda med ein ekstra påteken aksent, til dømes ein tullete norsk-engelsk. Dei kunne også få dei engelske elementa til å framstå som eit sitat eller ein imitasjon, slik at engelsken blir eit framandelement og ein måte å markere distanse på. Slik kan den som snakkar, vere mindre sårbar, og slik kan ein også leggje til ekstra humor eller andre tydingar, mellom anna ved å bruke ord

## «For å kodeveksle må ein openbert ha grunnleggjande kunnskap i begge språka.»

som *sånn* og *eh*: «Altså, sånn, *stiff upper lip*, *posh greie*.» «Det er noko, eh, *foreign der*.» «Blir ofte litt sånn, når du prøver, blir du lett litt sånn *redneck* innimellom.»

### Når?

For å kodeveksle mellom engelsk og norsk må ein openbert ha grunnleggjande kunnskap i begge språka, og mange nordmenn kan engelsk godt. Så kvifor snakkar vi ikkje engelsk og norsk om kvarandre heile tida? Ifølgje mine funn er det viktig kven ein snakkar med. Om det er mange deltakarar i ein samtale, er det større sjanse for at ein ikkje kjenner alle like godt, og då er det lettare å modifisere engelskbruken sin – ein kan ikkje vere sikker på at alle forstår engelsken, eller set like stor pris

med engelsk, kan vere at ein i somme høve kommuniserer betre ved å veksle mellom engelsk og norsk. Av og til kjem ein på det engelske ordet først eller føler at det passar betre enn det norske, og då kjennest det lettast og rettast å berre bruke det. Dette heng til dels saman med kor flink ein person er i engelsk, for høg ferdigheit vil gjere det lettare å bruke språket.

Ein annan grunn kan vere at ein ved kodeveksling vil identifisere seg med og høyre til ulike sosiale eller kulturelle grupper. Nordmenn brukar engelske ord og uttrykk som viser at dei høyrer til ein engelskspråkleg kultur, men ein ser samtidig at dei også avgrensar bruken av engelsk og markerer den på ulike måtar for å vise den norske språkidentiteten.

## «Nordmenn kunne på språkleg grunnlag ha kodeveksla mykje meir enn dei faktisk gjer.»

på at den blir brukt. Men om ein høyrer til i same sosiale nettverk som samtalepartnarane sine, til dømes gjennom studiar, jobb eller familie, kan det vere lettare å vurdere kva som er riktig språkleg åtferd, uavhengig av om ein snakkar med ein eller fem personar. Uansett er det mindre sannsynleg at ein kodevekslar på engelsk i meir formelle situasjonar som eit jobbintervju, eller når ein snakkar med eldre eller yngre personar som ein veit ikkje kan engelsk.

### Kvifor?

Ein grunn til at nordmenn kodevekslar

Dette viser ein kompleks språkidentitet: Nordmenn er generelt gode i engelsk og kunne på språkleg grunnlag ha kodeveksla mykje meir enn dei faktisk gjer. Likevel er kodevekslinga gjerne avgrensa eller markert som framandelement. Nordmenn tilpassar altså sine eigne språkhandlingar til ulike situasjonar, både umedvite og medvite.

.....  
 Maria Boer Johannessen er utdanna lektor ved Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet i Trondheim, med ein master i engelsk språkvitenskap.

# Vinterleg språkdrakt

■ MARIT HOVDENAK

La oss ta på oss språkbrillene og studere årstida vi er inne i. Kvar kjem ordet vinter frå? Og kva tyder eigentleg uttrykka *vise nokon vintervegen og ha vore ute ei vinternatt før*?

Den kalde og mørke årstida mellom haust og vår varer i det minste dei tre månadene desember, januar og februar under våre himmelstrøk. Dersom noko *tek både vinter og vår*, varer det svært lenge, synest vi.

## Våt og vennleg

*Vinter* er eit arveord. I norrønt var forma *vetr*, som kjem frå germansk *wintr*, med usikkert opphav. Vi finn att *vetr* i nynorsk *vetter* og ulike dialektformer og i færøysk og islandsk *vetur*. Elles er forma *vinter*, berre med *w*, i andre germanske språk som tysk, engelsk og nederlandsk.

Ifølgje *Våre arveord* har germansk *wintr* usikkert opphav. Det kan ha band til keltisk *windo* og det gammalirske ordet for 'kvit' (*find*) eller til det indoeuropeiske ordet for 'vatn' (*wed*), fordi vinteren kan vere ei våt årstid. Vidare kan ein knyte *wintr* til gammalhøgtysk *winistar* 'vennleg', jamfør *wini* 'venn', fordi vinteren vart kalla den vennlege årstida, sjølv om han i røynda snarare kan vere uvennleg.

## Vinterveg i vinternatta

*Vinterbrauta* er eit gammalt ord for *Mjølkevegen*, som vi ser klarast nett opp om vinteren. Andre nemningar er *vintergata* og *stjernebrauta*. Men kvar går *vintervegen*? Å vise nokon vintervegen vil seie å avvise eller jage bort vedkommande. Fleire av uttrykksmåttane som knyter seg til vinter, seier sitt om barske tilhøve vinterstid.

Eit spesielt uttrykk er *ho/han har vore ute ei vinternatt før* – eller *ein vinterdag*, dei to variantane er om lag like vanlege. Meininga er at personen det er snakk om, har prøvd litt av kvart, har vore utsett for påkjenningar eller liknande – og gjerne har klart seg gjennom dei. I *Norske Ordsprog* av Ivar Aasen står det: «Han heve voret ute ei Vetternatt fyre.» Aasen har uttrykket frå Trøndelag. Trønderske forfattarar som Johan Bojer og Kristofer Uppdal har òg brukt uttrykket, som no er vorte allment kjent.

.....  
Marit Hovdenak er seniorrådgjevar i Språkrådet.

# OM SPRÅKRÅDET

Språkrådet arbeider for å styrkje det norske språket og språk-mangfaldet i landet. Språkrådet er statens fagorgan i språkspørsmål og følgjer opp den norske språkpolitikken på oppdrag frå Kulturdepartementet. Språkrådet gjev råd, formidlar kunnskap, tek initiativ til samarbeid og fører tilsyn.

- Vi informerer på nettsidene og i publikasjonane våre om god og rett norsk.
- Vi svarer på språkspørsmål på e-post, i sosiale medium og på telefon.
- Vi samarbeider med offentlege og private institusjonar om tiltak som styrkjer bruken av norsk på område som arbeids- og næringsliv, høgare utdanning og forskning.
- Vi forvaltar rettskrivinga i nynorsk og bokmål og følgjer med på korleis språket utviklar seg.
- Vi publiserer rapportserien *Språkstatus* med oppdatert kunnskap om den språkpolitiske stoda i landet.
- Vi arrangerer konferansen Språkdagen kvart år for å skape debatt om språk.
- Vi deler ut Språkprisen for framifrå bruk av bokmål og nynorsk i sakprosa.
- Vi gjev råd til statstilsette om korleis dei kan skrive klart og godt og få ei jamnare fordeling av bokmål og nynorsk.
- Vi samordnar utvikling og tilgjengeleggjering av norsk terminologi og fremjar bruken av norsk fagspråk.
- Vi fører tilsyn med om statsorgana følgjer krava til fordeling av bokmål og nynorsk.
- Vi administrerer ei stadnamnteneste som gjev råd og svarer på spørsmål om skrivemåten av stadnamn og om namnsetjing.
- Vi arbeider for at IKT-produkt skal byggje på norsk tekst og tale, og samordnar ei datatermgruppe som føreslår nye norske dataord.
- Vi har eit ansvar for norsk teiknspråk og samarbeider med aktørar på feltet.
- Vi har eit ansvar for dei nasjonale minoritetsspråka kvensk, romani og romanes og for nyare minoritetsspråk, og vi samarbeider med språkbrukargruppene.
- Vi godkjenner norske ordbøker og ordlister til bruk i skulen.
- Vi gjev diplom for godt namnevet til næringsdrivande.
- Vi samarbeider med søsterinstitusjonar i andre land, mellom anna om å sikre nabo-språkförståing i Norden.

Direktøren i Språkrådet er leiar for over tretti tilsette. Styret i Språkrådet er utnemnt av kulturministeren. Språkrådet har fire fagråd, som er referansegrupper med språkkunnige og språkengasjerte personar frå heile samfunnet.

[www.sprakradet.no](http://www.sprakradet.no)  
[facebook.com/Sprakradet.NO](https://facebook.com/Sprakradet.NO)  
[twitter.com/sprakradet](https://twitter.com/sprakradet)

SPRÅKRÅDET  
Postboks 8107 Dep  
0032 OSLO

TELEFON: 22 54 19 50

ANSVARLEG REDAKTØR:  
Arnfinn Muruvik Vonen

INFORMASJONSSJEF:  
Svein Arne Orvik

REDAKTØRAR:  
Erlend Lønnum  
[erlend.lonnum@sprakradet.no](mailto:erlend.lonnum@sprakradet.no)

Åsta Norheim  
[asta.norheim@sprakradet.no](mailto:asta.norheim@sprakradet.no)

ABONNEMENT OG  
ADRESSEENDRING:  
[bestilling@sprakradet.no](mailto:bestilling@sprakradet.no)

Signerte artiklar frå  
eksterne skribentar står  
for forfattaren sitt syn.

Ettertrykk tillate når kjelda  
er oppgitt.

OPPLAG: 12 000

Tekstene i dette nummeret  
finst òg på Internett:  
[www.sprakradet.no/spraknytt](http://www.sprakradet.no/spraknytt)


Fire nummer i året  
Redaksjonen avslutta  
31.10.2014

LAYOUT: Beate Syversen  
[beate@b-7.no](mailto:beate@b-7.no)  
TRYKK: Zoom Grafisk

ISSN 0333-3825

Framsidediagram:  
Eidsvollsbbygningen  
Foto: Berit Roald / NTB Scanpix





## HISTORIA BAK

### KOLVEREID

Kolvereid er eit eid i Nord-Trøndelag. Eit eid er ein stad der ein går for å koma over til den andre sida av ei øy, eit nes eller liknande. Ordet *eid* må vera svært gammalt, for rota *ei-* finn ein til dømes att i den litauiske infinitiven *ei-ti*, som tyder 'å gå', og i gammalgresk *ei-mi*, som tyder 'eg går'.

*Kolv* har opphav i norrønt *kolfr*, som mellom anna tyder 'stong' i ei klokke eller ei bjølle. Kolven er den delen av klokka eller bjølla som slår mot *bellen*, den klokkeforma metallkappa som kolven dinglar i. Ordet *bell* finst i standardnorsk og i ein del norske dialektar. På engelsk er *bell* det vanlege ordet for 'klokke som ein ringjer med'.

Da står berre leddet *-er-* i *Kolvereid* att. Ein del norrøne hankjønnsord har endinga *-ar* i genitiv eintal. Det har til dømes namnet *Tengsareid* framleis, og *-er-* i *Kolvereid* og *Spangereid* er ei vidareutvikling av *-ar*. Namnet *Kolvereid* har nok å gjera med noko i terrenget som liknar ein kolv.

Svein Nestor, cand.philol.

RETURADRESSE:  
Språkrådet  
Postboks 8107 Dep  
0032 OSLO

ISSN 0333-3825

